

# Grunnlova § 100 og vernet mot rasistiske ytringar

Av universitetsstipendiat Bjørnar Borvik\*

## 1 PROBLEMSTILLINGA

Nyleg vedtok Stortinget å endre grunnlova (grl.) § 100 om ytringsfridom.<sup>1</sup> Dei prinsippa som med dette fekk konstitusjonell forankring, vil, saman med dei folkerettslege plik- tene som Norge har teke på seg, utgjere rammeverket når domstolane og andre rettsbrukarar skal balansere ytringsfridommen mot kolliderande interesser. Ei av desse interessene er vernet mot rasistiske ytringar. Regjeringa har allereie signalisert at den vil foreslå endringar i straffelova (strl.) § 135 a som skal gjere det lettare å møte rasistiske ytringar med straff,<sup>2</sup> og det er all grunn til å tru at desse endringane vil få fleirtal i Stor- tinget. Departementet tek for det første til orde for ei justering av prinsippa for tolking av påstått ulovlege ytringar. I tillegg ønskjer ein å endre skyldkravet frå forsett til grov aktløyse, og å endre innhaldet i vilkåret ”framsettes offentlig”, dette siste truleg i form av ei frikopling frå strl. § 7 nr. 2. Problemstillinga i det følgjande er særleg om juster- inga av prinsippa for tolking er foreineleg med dei skrankane som kan utleiast av den nye grunnlovsføresegna om ytringsfridom.

## 2 RETTSTILSTANDEN ETTER DEN GAMLE GRL. § 100

Før eg gjev meg i kast med tolkinga av den nye grunnlovsføresegna om ytringsfridom, vil eg sjå nærmare på vernet av rasistiske ytringar etter den gamle grl. § 100. Etter mitt syn vil ein slik gjennomgang kunne gje viktige bidrag til forståinga av rettstilstanden også etter den nye grunnlovsføresegna.

Det har vore ei utbreidd oppfatning at den grunnlovsføresegna som fekk avløyssing 30. september 2004, iallfall samanlikna med artikkel 10 i den europeiske menneskerettskon- vensjonen, oppstilte eit sterkt vern for rasistiske ytringar.<sup>3</sup> Eg meiner likevel at det i praksis frå Høgsterett om forholdet mellom grl. § 100 og strl. § 135 a kan påvisast variasjonar i domstolen si balansering av dei kolliderande interessene. Dette har kanskje i særleg grad avteikna seg i prinsippa for tolking av påstått ulovlege ytringar. Desse prinsippa kan utformast på ein slik måte at ytringsfridommen får vidt spelerom, men dei kan også gjevast ei utforming som i større grad gjev konsesjonar til dei kolliderande interessene. Verken grunnlovsføresegna eller føresegner i den alminnelege lovgevinga seier noko om desse prinsippa, og det gjev Høgsterett eit visst handlingsrom.

---

\* Eg vil takke Arnulf Tverberg for nyttige innspel og verdifull motstand undervegs i arbeidet med denne artikkelen. Takk også til Vegard, som fekk meg til å sette punktum.

<sup>1</sup> Vedtak i Stortinget 30. september 2004, som vart kunngjort i statsråd 29. oktober 2004. Dei mest sent- rale forarbeida til grunnlovsføresegna er NOU 1999: 27, St.meld. nr. 26 (2003–2004) og Innst. S. nr. 270 (2003–2004).

<sup>2</sup> Desse endringsforslaga vil bli lagt fram av Kommunal- og regionaldepartementet hausten 2004 i sam- band med forslaget til lov mot etnisk diskriminering. Sjå St.meld. nr. 26 (2003–2004) s. 72–74.

<sup>3</sup> Sjå for eksempel Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) på s. 1624. Sjå dessutan *Eggen 2002* s. 486–512, særleg s. 512 og *Eggen, NOU 2002* s. 194.

Paragraf 135 a kom inn i straffelova i 1970,<sup>4</sup> og forholdet til yringsfridommen vart første gong vurdert av Høgsterett i Rt. 1977 s. 114 (Lektor I). Saka gjaldt ein mann som i intervju med Verdens Gang og Dagbladet i mai og juni 1975 sette fram ei rekke krenkande ytringar om jødar. Om jødeforfølginga som nazistane stod for under 2. verds-krigen uttalte han mellom anna:

”Jeg tar i og for seg avstand fra det som skjedde da. Det hendte for tidlig. Men om 50 år, i en overbefolket verden, vil saken kanskje stille seg annerledes?” Han meinte vidare at raseblanding hadde som konsekvens at seinare generasjonar vart nedbrotne, og at mellom anna jødane av den grunn måtte visast ut av landet. Han uttalte også at dei jødane som ikkje ville reise til Israel, burde isolerast i eit eige jødesamfunn. På spørsmål frå journalisten om han med dette meinte ein konsentrasjonsleir, svarte han: ”Det har jeg ikke sagt. De bør flyttes til et eget område. Et eget lokalsamfunn.”<sup>5</sup>

Ein samla Høgsterett la til grunn at det måtte vere den domfelte sitt syn at det i visse situasjonar kunne vere rett å utrydde jødane, og at dei som ikkje ville emigrere til Israel skulle isolerast i eit eige jødesamfunn.<sup>6</sup> Domfellinga frå Hålogaland lagmannsrett vart difor oppretthalden. Domstolen uttalte seg ikkje om prinsippa for tolking i denne saka, men etter mitt syn er det klart at det tolkingsresultatet som Høgsterett la til grunn låg tett opptil ordlyden i ytringane. Når den domfelte hadde uttrykt seg så vidt eksplisitt, kom ikkje spørsmålet om tolkingsprinsippa på spissen.

Halvanna år seinare, i ein dom innteken i Rt. 1978 s. 1072 (Lesarbrev), måtte Høgsterett på nytt ta stilling til bruken av strl. § 135 a. Det var mindretalet, dommar Blom, som tydelegast uttalte seg om prinsippa for tolking:

”Skal helhetsinntrykket av brevet vurderes, kan det ikke skje på grunnlag av en filologisk eller logisk analyse av de enkelte uttrykk. Brevet er spredd gjennom dagspressen. De fleste vil lese det fort og har verken tid eller ønske om å underkaste det en kritisk analyse.”<sup>7</sup>

Ei av dei omstridde ytringane var ein kommentar til at statsminister Trygve Bratteli visstnok skulle ha uttalt at ”nordmenn selv hadde emigrert til Amerika for 150 år siden – og at Norge derfor burde ta imot mennesker fra andre nasjoner med samme vennlighet.”<sup>8</sup> Til dette hadde den domfelte følgjande merknad:

”Dette kan vel ikke være noe *sammenligningsgrunnlag*? Amerika søkte emigranter og emigrantene ble henvist til ødemarkene hvor de bygget opp lokale samfunn. De kom ikke til Amerika som analfabeter og startet knivstikking og voldtekt!”<sup>9</sup>

Mindretalet såg det slik at den domfelte med denne ytringa tilla pakistanarane ein vere-måte som dei norske emigrantane til USA ikkje hadde.<sup>10</sup> Også fleirtalet presiserte at dei omstridde ytringane måtte lesast i samanheng med resten av lesarbrevet, men det er

---

<sup>4</sup> Ved lov 5. juni 1970 nr. 34.

<sup>5</sup> Rt. 1977 s. 114 på s. 115–116.

<sup>6</sup> Rt. 1977 s. 114 på s. 118.

<sup>7</sup> Rt. 1978 s. 1072 på s. 1078.

<sup>8</sup> Rt. 1978 s. 1072 på s. 1074.

<sup>9</sup> Rt. 1978 s. 1072 på s. 1074. Kursiv i original.

<sup>10</sup> Rt. 1978 s. 1072 på s. 1078.

likevel nærliggande å meine at dei praktiserte andre tolkingsprinsipp enn mindretalet. Fleirtalet uttalte følgjande om tolkinga av ytringa om knivstikking og valdtekt:

”Jeg finner det imidlertid uklart hvorledes dette utsagn egentlig skal oppfattes. *Direkte* kommer utsagnet som en imøtegåelse av den sammenligning mellom norske innvandrere til Amerika og fremmedarbeiderne i dagens Norge som A tar til gjennæle mot. Det er ikke klart hvem den egentlige beskyldning er rettet mot. I leserbrevets annet avsnitt har A allerede omtalt kriminalitet blant fremmedarbeidere, og der på en mer balansert måte, som noe Norge ikke har ”unngått”. Umiddelbart etter kraftsatsen i sjetten avsnitt går han over til sin omtale av ekstremister av mange slag, herunder de ekstremister som kommer utenfra. Det er derfor etter min mening ikke klart om den indirekte beskyldning det her dreier seg om, er rettet mot bestemte grupper av fremmedarbeidere, og gjelder egenskaper som påstås å være karakteristiske for gruppen.”<sup>11</sup>

Etter fleirtalet sitt syn kunne ein altså ikkje legge til grunn at den domfelte hadde skulda pakistanarane for å drive med knivstikking og valdtekt, og dei avsa difor frifinnande dom.

Sjølv om både fleirtalet og mindretalet i denne saka la til grunn at tolkinga måtte skje kontekstuellt, er det etter mi vurdering likevel klare forskjellar i tilnæringsmåten. Fleirtalet gjennomførte ein strengt logisk og språkleg analyse av dei omstridde ytringane, og konkluderte med at dei, sett i lys av ytringar elles i lesarbrevet, framstod som uklare. – Det å uttrykke seg klart og konsistent er ei utfordring som alle språkbrukarar står overfor heile tida. Sjølv om nokre meistrar dette betre enn andre, er det framleis langt imellom dei fullt ut tvillause skriftstykkane. Det vil truleg alltid kunne peikast på ytringar som i seg sjølv er uklare, eller som vert uklare fordi dei står i eit motsetnadsforhold til andre delar av det aktuelle skriftstykket. Likevel utgjer ikkje dette eit avgjerande hinder for mellommenneskeleg kommunikasjon, noko som mellom anna må forklarast med at all kommunikasjon skjer innafor visse felles sosiale, kulturelle og historiske referanserammer. Som oftast forstår vi kvarandre, iallfall reint språkleg. Vi oppøver evna til å leite etter den underliggende budskapet. Mindretalet formulerte tolkingsprinsipp som speglar desse realitetane, medan fleirtalet sin tilnæringsmåte er eit uttrykk for ideelle og urealistiske fordringar som dei fleste av oss, høgsterettsdommarar inkludert, vil ha store vanskar med å leve opp til.

Etter dommen i 1978 kom det etter mitt syn eit skifte i praksisen frå Høgsterett når det gjeld prinsippa for tolking. I Rt. 1981 s. 1305 (Løpesedlar) hadde Asker og Bærum heradsrett dømt ei kvinne til fengsel på vilkår i 120 dagar for rasistiske ytringar framsett i tre ulike løpesedlar. Fleirtalet i Høgsterett halverte straffa, medan mindretalet på ein dommar var einig i straffutmålinga frå heradsretten. Elles ser det ut til å ha vore semje blant dommarane i denne saka. Førstvoterande, som utgjorde mindretalet i Høgsterett, seier dette om prinsippa for tolking:

”[E]tter min oppfatning [kan det] ikke legges ensidig vekt på hvordan utsagnene er å forstå på grunnlag av en reflektert, logisk analyse av innholdet. Løpesedlene inneholder, som allerede fremhevet, en sterkt følelseladet appell, og innbyr ikke sine lesere til rolig og ettertenksom analyse. Det må, slik jeg ser det, legges vesentlig vekt på det meningsinnhold de enkelte utsagn umiddelbart formidler til den ikke helt spesielt ettertenksomme leser.”<sup>12</sup>

<sup>11</sup> Rt. 1978 s. 1072 på s. 1075. Kursiv i original.

<sup>12</sup> Rt. 1981 s. 1305 på s. 1314.

På grunnlag av disse retningslinjene meinte mindretallet at ”utsagnene forbinder – om enn mer gjennom antydninger og insinuasjoner enn gjennom direkte tale – islamske innvandrere med kriminell atferd”.<sup>13</sup> Fleirtallet slutta seg til mindretallet sin tilnæringsmåte i generelle vendingar på s. 1317. Det vart vidare presisert at ”det for hvert av de åtte utsagn, vurdert isolert, ikke uten videre [er] åpenbart hva meningsinnholdet egentlig er”, men at ytringane likevel vart ramma av strl. § 135 a fordi dei måtte ”vurderes samlet og på bakgrunn av løpesedlenes innhold for øvrig”.<sup>14</sup> Både fleirtallet og mindretallet la dessutan vekt på at ytringane vart framsett gjennom ein organisert kampanje.<sup>15</sup> – Dette tolkingsprinsippa kan vanskeleg seiast å samsvare med den innfallsvinkelen som fleirtallet i Rt. 1978 s. 1072 (Lesarbrev) praktiserte. Etter mi vurdering er det mindretallet sine synspunkt i dommen frå 1978 som fekk gjennomslag her.

Avgjerda i Rt. 1984 s. 1359 (Pastor) kan truleg også plasserast inn i den same tolkings-tradisjonen. Sjølv om denne saka ikkje gjaldt rasistiske ytringar, men ytringar om homofile, meiner eg likevel at prinsippa for tolking som var lagt til grunn, har generell relevans. Fleirtallet viste til at sjølv om tiltalen berre var basert på to korte utsnitt frå det som vart sagt av pastoren i radioprogramma, måtte desse

”ses i sammenheng med programmet for øvrig. Avgjørende for straffbarheten er således de siterte uttalelsene slik de må forstås på bakgrunn av det som for øvrig framkom i programmet”.<sup>16</sup>

Mindretallet uttalte seg ikkje eksplisitt om prinsippa for tolking, men tok heller ikkje avstand ifrå det som fleirtallet hadde lagt til grunn. Det er difor nærliggande å meine at det var semje om tolkingsprinsippa. Usemja synest derimot å ha vore basert på ulike vurderingar av kva som skulle til for at ytringane kunne seiast å vere ”kvalifisert krenkende”. Dette spørsmålet heng sjølvsagt saman med spørsmålet om utforminga av tolkingsprinsippa, men prinsipielt sett er det likevel viktig å halde dei to frå kvarandre. Det er pastoren sine ytringar, i form av ei bøn om at Gud måtte fjerne homofile frå leiande stillingar både i det politiske liv og elles i samfunnet, fleirtallet vurderte som så krenkende at den vart ramma av forbodet i strl. § 135 a. Pastoren uttalte mellom anna følgjande i nærradiosendinga til Oslo Fullevangeliske Kirke:

”Himmelske far vi ber i Kristi navn at vi skal bryte denne djevleske makt i Norges land som homofilien representerer ... og vi ber også konkret at alle de mennesker som er involvert i dette, som selv også oppfordrer andre til å gjøre som dem og som også er i ledende stillinger at du [altså Gud] skal fjerne dem i fra deres ledende stillinger – både i det politiske liv og ellers i samfunnet vårt ...”<sup>17</sup>

Fleirtallet i Høgsterett tolka dette som ”konkrete oppfordringer om fjerning av homofile fra ledende stillinger”,<sup>18</sup> og framheva dessutan at ytringane var ”konkret rettet mot homofile på et område hvor de kan rammes sterkt, og hvor de vil ha vanskelig for på

---

<sup>13</sup> Rt. 1981 s. 1305 på s. 1314.

<sup>14</sup> Rt. 1981 s. 1305 på s. 1318.

<sup>15</sup> Rt. 1981 s. 1305 på s. 1315–1316 og s. 1318.

<sup>16</sup> Rt. 1984 s. 1359 på s. 1362.

<sup>17</sup> Rt. 1984 s. 1359 på s. 1359–1360.

<sup>18</sup> Rt. 1984 s. 1359 på s. 1366.

tilfredsstillende måte å kunne avverge vesentlige skadevirkningar av slike uttalelser”.<sup>19</sup> – Sjølv om ein legg til grunn at ”[d]et er makt i de foldede hender”,<sup>20</sup> har eg vanskeleg for å tru at Høgsterett ville ha kome fram til dette tolkingsresultatet dersom ein praktiserte dei prinsippa for tolking som fleirtalet i Høgsterett gjorde i Rt. 1978 s. 1072 (Lesarbrev). Ei oppfordring til Gud om å fjerne homofile frå leiande stillingar ville truleg verken ha oppfylt dei krav til logikk eller språkleg presisjon som vart formulert av fleirtalet i dommen frå 1978. Det kan sikkert vere ulike, og velgrunna, oppfatningar av Høgsterett si tolking av ytringane frå pastoren. Sjølv er eg ikkje overtydd om at det er rett å møte ytringar som dette med straff, og fleirtalet uttrykte også tvil om resultatet.<sup>21</sup> Poenget med avgjerda i denne samanhengen er likevel Høgsterett si tilslutning til dei tolkingsprinsippa som domstolen hadde lagt til grunn i Rt. 1981 s. 1305 (Løpesedlar).

Den siste avgjerda som etter mi vurdering bygger på desse tolkingsprinsippa, er Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse). Her var det spørsmål om ytringar i eit partiprogram kunne møtast med straff etter strl. § 135 a. Partiet var mellom anna av den oppfatning at adoptivbarn som framleis ville bo i Norge, måtte steriliserast, at den framande parten i blanda parforhold måtte steriliserast dersom paret ikkje ville flytte ut av Norge, og at det skulle foretakast abort dersom kvinna likevel vart befrukta. Om tolkingsperspektivet sa fleirtalet mellom anna at ”programmet som helhet [må] trekkes inn i den utstrekning det er egnet til å belyse meningsinnholdet”,<sup>22</sup> noko mindretalet også slutta seg til.<sup>23</sup> Den kontekstuelle innfallsvinkelen kom dessutan tydeleg til uttrykk når fleirtalet deretter gjekk over til sjølve tolkinga:

”Etter sin ordlyd rammer partiprogrammet alle som ikke er av ”etnisk norsk opprinnelse”. Tilsynelatende tar en altså sikte på å ramme en stor og meget uensartet gruppe av befolkningen. Leser man imidlertid programmet i sammenheng, fremgår det klart at realiteten – slik den vil fremstå for en vanlig leser eller tilhører – er en annen. Både dette at adoptivbarn – som for størstedelen kommer fra andre verdensdeler – særskilt trekkes frem, og en rekke utsagn i programmet for øvrig, viser at det er den mørkhudete del av befolkningen en tar sikte på når det gjelder de ekstreme virkemidler som foreslås.”<sup>24</sup>

Fleirtalet si tolking av ytringane i partiprogrammet hausta kritikk fordi domstolen la til grunn eit tolkingsresultat som var avvikande i forhold til det som eksplisitt kom fram i partiprogrammet.<sup>25</sup> – Etter mitt syn er det ikkje grunnlag for denne kritikken, iallfall ikkje dersom føremålet med analysen av ytringane er å kome fram til det tolkingsresultatet som i størst grad samsvarar med det inntrykket desse etterlet seg hos folk flest.<sup>26</sup> For meg er det dessutan viktig å få fram at tolkingsresultatet i denne saka var basert på dei retningslinjene som Høgsterett hadde utforma i Rt. 1981 s. 1305 (Løpesedlar) og Rt. 1984 s. 1359 (Pastor). Det var altså semje blant dommarane om at

<sup>19</sup> Rt. 1984 s. 1359 på s. 1365.

<sup>20</sup> Salmetekst av forfattaren Trygve Alvgeir Bjerkrheim (1904–2001).

<sup>21</sup> Rt. 1984 s. 1359 på s. 1366.

<sup>22</sup> Rt. 1997 s. 1821 på s. 1826.

<sup>23</sup> Rt. 1997 s. 1821 på s. 1834.

<sup>24</sup> Rt. 1997 s. 1821 på s. 1827.

<sup>25</sup> Sjå *Eggen 2002* s. 505–506 og kronikken ”Rasediskriminering og ytringsfrihet” av Johs. Andenæs i *Aftenposten* 19. desember 1997.

<sup>26</sup> Sjå nærmare om dette i *Borvik, LoR 2004-I* s. 84–85.

ytringane vart ramma av strl. § 135 a. Usemja knytta seg til om dette straffebodet likevel måtte settast til sides av omsyn til grl. § 100. Fleirtalet meinte nei, og avviste anken. Med denne avgjerda vart domfellinga i Oslo byrett ståande.

Med dommen i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) skjedde eit nytt skifte i praksis frå Høgsterett, sjølv om premissane i fleirtalsvotumet nok kan vere eigna til å gje eit anna inntrykk. Førstvoterande tok utgangspunkt i dei tolkingsprinsippa som Høgsterett formulerte i Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse), og ho la til grunn at "[u]tgangspunktet må således være hvordan den alminnelige leser eller tilhører vil oppfatte utsagnet".<sup>27</sup> Sidan det i denne saka var ytringar i ein munnleg appell som skulle tolkast, "må [det] bli tilhørernes umiddelbare forståelse av det som blir sagt", som gjennom tolkingsprosessen måtte avklarast, og altså ikkje den forståinga som bygde på "en viss tankemessig bearbeidelse hos leseren", som tilfellet visstnok var i Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse).<sup>28</sup> "Ordlyden blir da sentral", sa førstvoterande, og etter mitt syn gjekk ho endå eit steg vidare når ho la til grunn at "man bare kan straffes for det man har uttalt".<sup>29</sup> Fleirtalet presiserte vidare at

"den ytre rammen omkring demonstrasjonen, med ensartet mørk påkledning, at flere deltakere var maskert, at det ble ropt "Sieg Heil" osv., ikke kan ha særlig vekt ved tolkingen av As uttalelser".<sup>30</sup>

At ikkje ramma rundt demonstrasjonen og appellen skulle verke inn på tilhøyrarane si forståing av ytringane, har eg vanskeleg for å forstå. Det er tvert imot nærliggande å rekne med at deltakarane også ville formidle ein bodskap ved bruken av einsarta påkledning, maskering og framføring av nazihelsing. Kvifor skulle dei elles ta seg bryet med dette?

Når førstvoterande deretter gjekk over på sjølvne tolkinga av ytringane, er det heller ikkje mykje som tyder på at føremålet med tolkinga var å avdekke tilhøyrarane si umiddelbare forståing av ytringane. Ytringa om jødane kan tene som eksempel. Leiaren av Boot Boys uttalte følgjande:

"Vi er samlet her i dag for å hedre vår store helt, Rudolf Hess for hans modige forsøk på å redde Tyskland og Europa fra Bolsjevismen og Jødedommen under andre verdenskrig." Vidare uttalte han: "Vår kjære fører, Adolf Hitler og Rudolf Hess satt i fengsel for det de trodde på, vi skal ikke vike fra deres prinsipper og heltemodige innsats, tvert imot skal vi følge deres fotspor og kjempe for det vi tror på, nemlig et Norge bygget på Nasjonalsosialismen!!"<sup>31</sup>

Etter lagmansretten si vurdering innebar dette iallfall ei godkjenning av dei grove integritetskrenkingane som jødane vart utsette for. Fleirtalet i Høgsterett var av ei anna oppfatning. Om den første ytringa uttalte førstvoterande:

"Utsagnet om Hess' modige forsøk på å bekjempe bolsjevismen og jødedommen kan etter min mening ikke forstås som mer enn en generell tilslutning til nazismens tankeverden. Det

---

<sup>27</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1626.

<sup>28</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1627.

<sup>29</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1627.

<sup>30</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1629.

<sup>31</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1626.

er heller ikke forhold som i særlig grad knytter nettopp Hess' navn til utryddelsen av jødene. For ordens skyld nevner jeg at Hess satt fengslet i Storbritannia fra mai 1941 til krigens slutt. Det er dessuten vel kjent at dagens nazister i stor grad benekter at masseutryddelsen av jødene fant sted eller at Hitler kjente til den." Og om den andre ytringa vart følgjande påpeikt: "Uttalelsen må etter mitt syn ses i sammenheng med det appellen innledet med, og som gjaldt angrepet på motdemonstrasjonen i Oslo fra "kommunister og jødeelskere ... mot ytringsfriheten og den hvite rasen". Hyllesten av Hitler og Hess må derfor i noen grad ses i lys av referansene til fengslingen av de to "for det de trodde på", og som fant sted på nittentyvetallet. Ut over dette dreier det seg også her om en rent ideologisk tilslutning til nazismen."<sup>32</sup>

Førstvoterande tolka ytringane i lys av historiske fakta, og analysen hadde ei strengt logisk tilnærming. Det er vanskeleg å finne spor av dei tolkingsprinsippa som ho formulerte innleiingsvis, der det sentrale var å avdekke "tilhørernes umiddelbare forståelse" av det som vart framført.<sup>33</sup> Eg trur ikkje at førstvoterande si vurdering av dei omstridde ytringane speglar dei refleksjonane som tilhøyrarane på torget i Askim gjorde seg denne laurdagen i midten av august 2002. Mindretalet formulerte andre retningslinjer for tolkinga:

"Jeg har allerede nevnt at man ved tolkningen av domfeltes utsagn må søke å komme frem til hvorledes dette måtte oppfattes av de som var tilstede. Det avgjørende ... må således være de forestillinger tilhørerne fikk ved det samlede inntrykk som domfelte og hans meningsfeller skapte gjennom det som ble sagt og ved den måte de opptrådte på. Det kan nok være at man ved en reflektert gjennomlesning i ettertid kan finne en slags sammenheng mellom den avsluttende forherligelsen av Hitlers og Hess' "prinsipper og heltemodig innsats" og det innledende angrep på motdemonstrasjonene i Oslo fra "kommunister og jødeelskere"."<sup>34</sup>

På dette grunnlaget kom dei fram til at ytringane retta mot jødane måtte oppfattast som ei godkjenning og tilslutning til dei overgrepa denne folkegruppa vart utsett for under andre verdskrigen.<sup>35</sup> – Innfallsvinkelen til mindretalet ligg etter mi vurdering tett opp til dei retningslinjene for tolking som vart formulert av førstvoterande i Rt. 1981 s. 1305 (Løpesedlar), retningslinjer som var gjeldande til og med avgjerda i Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse). Fleirtalet sin tilnæringsmåte har derimot klare parallellar til dei tolkingsprinsippa som vart lagt til grunn av fleirtalet i Rt. 1978 s. 1072 (Lesarbrev). Etter mi vurdering er det uheldig at domstolane som hovudregel berre kan legge til grunn det som eksplisitt er sagt eller skrive.<sup>36</sup> Kyrre Eggen har derimot teke til orde for at legalitetsprinsippet må leggest til grunn som prinsipp for tolkinga av ytringar,<sup>37</sup> og fleirtalsvotumet i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) må tolkast som ei tilslutning til dette synet.

Gjennomgangen av rettspraksis frå Høgsterett om forholdet mellom den gamle grl. § 100 og strl. § 135 a viser at det var rom for ulike tilnæringsmåtar til tolkinga av påstått ulovlege ytringar: Den eine tilnæringsmåten, som kort og kanskje noko upresist

<sup>32</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1628.

<sup>33</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1627.

<sup>34</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1632–1633.

<sup>35</sup> Rt. 2002 s. 1618 på s. 1633.

<sup>36</sup> Eg har utdjupa denne skepsisen i *Borvik, LoR 2004-I* s. 84–85 og s. 90–93.

<sup>37</sup> Sjå for eksempel *Eggen 2002* s. 404–405.

kan seiast å vere tekstuell, vart seinast lagt til grunn av fleirtalet i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys). Den andre tilnæringsmåten, som tilsvarande upresist kan omtalast som kontekstuell, vart seinast lagt til grunn av Høgsterett i Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse). Også mindretallet i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) forfekta desse tolkingsprinsippa, men fekk altså ikkje gjennomslag. Eg går utifrå at begge tilnæringsmåtene ligg innafor dei skrankane som den gamle grl. § 100 stilte opp, likevel slik at den tekstuelle gjev atskilleg større spelerom for ytringsfridommen enn tilfellet er for den kontekstuelle. I dette ligg det også eit anna poeng som er viktig for meg å få fram, nemleg at grunnlovsvernet kjem til uttrykk på fleira måtar: Ei side ved grunnlovsvernet vil nettopp vere desse meir spesifikke avvegingsmarkørane som Høgsterett utpenslar gjennom praksis (for eksempel prinsippa for tolking og kravet om at ytringane må vere "kvalifisert krenkende" for å kunne møtast med straff). Slike markørar kan seiast å vere fikseringar av ei bestemt oppfatning av korleis dei kolliderande interessene skal avvegast i forhold til kvarandre. Den andre sida ved grunnlovsvernet, som kanskje ikkje er like enkel å få auge på, er det intervallet som desse avvegingsmarkørane må utformast innafor. Eg trur nemleg det må vere treffande å sjå det slik at grl. § 100 oppstiller nokre konstitusjonelle "slingrekantar", ein slags glideskala, og at Høgsterett innafor dette intervallet står nokså fritt. Tilsvarande må gjelde for lovgjevaren si utforming av alminneleg lovgjeving på området. Stortinget vil også kunne ha avgjerande innverknad på korleis sjølve intervallet skal avgrensast, men då oppstiller grl. § 112 visse prosessuelle rammer.

Spørsmålet etter dette blir om den nye grl. § 100 endra på denne rettstilstanden, eller om rommet for ein viss variasjon i avveginga mellom dei kolliderande interessene vart vidareført.

### **3 VERNET AV RASISTISKE YTRINGAR ETTER DEN NYE GRL. § 100**

#### **3.1 Utgangspunktet: grunnlovsteksten**

Den nye grl. § 100 tredje ledd er formulert på denne måten:

"Frimodige Ytringer om Statsstyrelsen og hvilkensomhelst anden Gjenstand ere Enhver tilladte. Det kan kun sættes slige klarlig definerede Grændser for denne Ret, hvor særlig tungtveiende Hensyn gjøre det forsvarligt holdt op imod Ytringsfrihedens Begrundelser."

Ordlyden i seg sjølv seier ikkje så mykje, utover at den slår fast ei avvegingsnorm. Vi har å gjere med ein rettsleg standard, som gjev rom for nokså frie interesseavvegingar innafor visse rammer. Visse retningslinjer kan likevel lesast ut av grunnlovsteksten direkte, for eksempel at dei omsyna som kan forsvare inngrep i ytringsfridommen må vere "særlig tungtveiende".

Lovgjevaren bør etter mitt syn primært gje uttrykk for sitt syn på innhaldet i grunnlovsvernet gjennom den alminnelege lovgjevinga, og ikkje i form av detaljerte direktiv i forarbeida til grunnlovsføresegna.<sup>38</sup> Det er likevel naturleg at Høgsterett, særleg i den første tida etter vedtaket, også lyttar til det som måtte kome fram forarbeida.<sup>39</sup>

---

<sup>38</sup> Sjå nærmare om dette i *Borvik, LoR 2004-II* s. 513–514.

<sup>39</sup> Eit tydeleg eksempel på at Høgsterett legg vekt på forarbeida til den nye grunnlovsføresegna er dommen av 12. november 2004 (TV Vest AS) om politisk reklame. Sjå særleg avsnitta 44–48. Sjølv om dommen vart avsagt på grunnlag av den gamle grl. § 100, går Høgsterett grundig inn i forarbeida til den nye grunnlovsføresegna med sikte på å avklare om lovgjevar har eit markert endra syn på innhaldet i det konstitusjonelle vernet av ytringsfridommen.



Vekta av slike utsegner vil likevel variere, mellom anna etter kor klare og eintydige dei er.

### 3.2 Føringane i forarbeida

Utgreiinga frå Ytringsfridomskommisjonen er eit naturleg utgangspunktet for framstillinga her, men er etter mi vurdering i liten grad eigna til å kaste lys over tolkinga av den nye grunnlovsføresegna.<sup>40</sup> Den uklare tilrådinga kan truleg best forklarast i lys av Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse), der mindretalet, som altså meinte at partileiaren måtte frifinnast, framheva at situasjonen kunne ha stilt seg annleis dersom partiet hadde oppfordra til ulovlege handlingar.<sup>41</sup> Også Ytringsfridomskommisjonen peika på sondringa mellom ei ytring som krenkande handling i seg sjølv og ei ytring som direkte oppfordrar til ulovlege handlingar.<sup>42</sup> Etter mitt syn må det kunne hevdast at dersom det berre var dei ytringane som oppfordra til ulovlege handlingar, som skulle seiast å vere kvalifisert krenkande, så ville denne endringa vere så vidt markert at den vanskeleg kunne gjennomførast innafor det intervallet som den gamle grl. § 100 stilte opp.<sup>43</sup> Sidan kommisjonen ikkje greidde å etablere semje om ei slik endring av grunnlovsskrankane,<sup>44</sup> står ein att med dei meir overordna merknadane om verdien av at rasistiske ytringar vert møtt med verbal konfrontasjon i det offentlege rommet, og ikkje med straff.<sup>45</sup> Det er likevel usikkert i kva grad desse merknadane kan takast til inntekt for ei endring av grunnlovsføresegna i retning sterkare vern av rasistiske ytringar. – Kommisjonen meinte vidare at strl. § 135 a måtte endrast, men med unntak av dei eksplisitte forslaga til endring av føresegna,<sup>46</sup> endringar som etter mitt syn i realiteten ikkje ville ha særleg innverknad på avveginga mellom dei kolliderande interessene,<sup>47</sup> er det uklart kva som eigentleg låg i forslaget frå kommisjonen. Det avgjerande poenget for meg er likevel at utsegene frå Ytringsfridomskommisjonen i beste fall kan tolkast som eit ønskje om å styrke vernet av rasistiske ytringar på formell lovs nivå,<sup>48</sup> medan dei ikkje maktar å seie noko særleg om det konstitusjonelle vernet av slike ytringar etter den nye grl. § 100.

Departementet la til grunn at forslaget frå Ytringsfridomskommisjonen gjev rom for å skjerpe vernet mot rasistiske ytringar,<sup>49</sup> og departementet sine forslag til endringar av strl. § 135 a må oppfattast som tiltak for å gjennomføre dette. – Eg trur likevel ikkje at

<sup>40</sup> NOU 1999: 27.

<sup>41</sup> Rt. 1997 s. 1821 på s. 1836.

<sup>42</sup> Sjå NOU 1999: 27 s. 153 første spalte.

<sup>43</sup> Sjå Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) der førstvoterande på s. 1624 legg til grunn at det ikkje berre er ytringar som oppfordrar til handling som er kvalifisert krenkande.

<sup>44</sup> Sjå NOU 1999: 27 s. 153 første spalte.

<sup>45</sup> Sjå NOU 1999: 27, for eksempel på s. 151 andre spalte og s. 152 første spalte.

<sup>46</sup> NOU 1999: 27 s. 154 og s. 251.

<sup>47</sup> Slik også *Eggen 2002* s. 511 og *Eggen, NOU 2002* s. 205 andre spalte. Straffelovkommisjonen ser ut til å vere av same oppfatning. Kommisjonen følger ikkje opp nokon av forslaga frå Ytringsfridomskommisjonen om endring av strl. § 135 a, og grunngevinga for dette er at ingen av dei foreslåtte endringane vil innebere realitetsskilnader samanlikna med rettstilstanden no. Sjå nærmare om dette i NOU 2002: 4 s. 299.

<sup>48</sup> Det er truleg dette departementet siktar til når dei i St.meld. nr. 26 (2003–2004) på s. 65 andre spalte uttalar at "[f]orslagene går i retning av å utvide ytringsfriheten på dette området".

<sup>49</sup> Sjå St.meld. nr. 26 (2003–2004) s. 72 første spalte og s. 73 første spalte.

forslaget om å justere tolkingsprinsippa kan takast til inntekt for at den nye grunnlovsføreseigna er endra. Som gjennomgangen i avsnitt 2 ovanfor viser, var det også etter den gamle grl. § 100 rom for visse variasjonar, og det er ikkje grunn til å tru at departementet ser for seg ei justering som vil bryte med dette intervallet. Tvert imot er det nærliggande å tru at departementet ser for seg at denne justeringa bør skje gjennom ei tilnærming til dei tolkingsprinsippa som seinast vart lagt til grunn av mindretalet i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys), altså at ytringane skal tolkast kontekstuelte. – Eg er derimot meir usikker om dei to andre forslaga til endring av strl. § 135 a, endringa av skyldkravet frå forsett til grov aktløyse og endringa av kravet til ”framsettes offentlig”, ligg innafor det intervallet som den gamle grl. § 100 stilte opp. Det iallfall ikkje kan vere særleg tvilsamt at dei to forslaga, både kvar for seg og samla, og særleg dersom ein ser dei i samanheng med justeringane av tolkingsprinsippa, inneber ei styrking av vernet mot rasistiske ytringar.<sup>50</sup>

Fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen (Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti) såg det som positivt at den nye grunnlovsføreseigna skulle gje rom for eit skjerp vern mot rasistiske ytringar.<sup>51</sup> Meiningsbrytningane i Stortinget hadde likevel sitt utgangspunkt i departementet sine forslag til endringar av strl. § 135 a. Kva Stortinget måtte meine om det nye grunnlovsvernet av rasistiske ytringar, må difor langt på veg lesast ut av standpunktet til endringane av straffelova.

Sjølv om fleirtalet ikkje uttalte seg særskilt om prinsippa for tolking av påstått ulovlege ytringar, vart det likevel framheva som:

”viktig at straffeloven § 135 a setter nødvendige grenser for kvalifisert krenkende uttalelser som hetser minoritetene. Fleirtallet understreker i denne sammenhengen at terskelen for hva som kan regnes som kvalifisert krenkende uttalelser i rettspraksis kan synes noe høy”.<sup>52</sup>

Det er ein nær samanheng mellom tolkingsprinsippa og det eg vil kalle innslagspunktet i strl. § 135 a, altså kravet om at ytringane må vere ”kvalifisert krenkende” for å kunne møtast med straff. Difor er det ikkje heva over tvil kva fleirtalet sikta til med denne merknaden. Den kan tolkast på fleire måtar. – Ein mogleg innfallsvinkel vil vere å ta fleirtalet til inntekt for det syn at innslagspunktet burde formulerast slik at fleire ytringar vart ramma av straffebodet; at det ikkje berre var dei grovaste ytringane (altså dei ”kvalifisert krenkende”), som kunne straffast, men også dei mindre grove (dei som for eksempel berre var ”krenkende”). Ei slik endring ville utan tvil innebere eit markert avvik frå sikker rettspraksis fram til no,<sup>53</sup> og kunne truleg ikkje gjennomførast utan at

<sup>50</sup> At dette var ei målsetting med endringane, framgår dessutan heilt klart av forarbeida. Sjå St.meld. nr. 26 (2003–2004) s. 72 første spalte og NOU 2002: 12 s. 208 andre spalte og s. 210 første spalte.

<sup>51</sup> Sjå Innst. S. nr. 270 (2003–2004) s. 22 andre spalte. Under debatten i Stortinget fekk fleirtalsinnstillinga tilslutning frå Senterpartiet og Venstre. Sjå St. forh. (2003–2004) s. 3597 første spalte (innlegg frå representanten Marit Arnstad frå Senterpartiet) og s. 3598 første spalte (innlegg frå representanten Trine Skei Grande frå Venstre).

<sup>52</sup> Innst. S. nr. 290 (2003–2004) s. 22 andre spalte. Utheving i original. Sjå dessutan St. forh. (2003–2004) s. 3589 første spalte (innlegg frå representanten Martin Engeset frå Høgre, som var saksordførar) og s. 3596 andre spalte (innlegg frå representanten Modulf Aukan frå Kristeleg Folkeparti).

<sup>53</sup> I Rt. 1984 s. 1359 (Pastor) på s. 1363 formulerer Høgsterett, med tilvisning til dei tidlegare sakene om strl. § 135 a, eit krav om at ”krenkelsene må være av kvalifisert art for å rammes av bestemmelsen.” Eit tilsvarende innslagspunkt vart formulert av Høgsterett i Rt. 1997 s. 1821 (Hvit Valgallianse) på s. 1828 og i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) på s. 1624.

også grunnlovsvernet av rasistiske ytringar vart endra tilsvarende; altså at intervallet i den nye grl. § 100 vart endra. Med mindre det er klare haldepunkt for det motsette, kan ein ikkje legge til grunn at det var slike gjennomgripande endringar stortingsfleirtalet ville gjennomføre. Representanten Jon Lilletun frå Kristeleg Folkeparti sa det slik i debatten i Stortinget:

”Å komme med rasistiske ytringar er stort sett lovleg i Noreg, og slik skal det halde fram med å vere. Berre dei grovaste ytringane skal straffast.”<sup>54</sup>

I lys av dette framstår det ikkje som særleg sannsynleg å tolke fleirtalsmerknaden som eit ønskje om at innslagspunktet i strl. § 135 a skal formulerast på ein annan måte, og difor vil heller ikkje fleirtalsmerknaden kunne tene som argument for at den nye grunnlovsføresegna opnar for eit svakare vern av rasistiske ytringar. – Vidare kan merknaden frå fleirtalet tolkast som at innslagspunktet i og for seg har ei tilfredsstillande formulering, men at det er Høgsterett si tolking av dette vilkåret i einskildsaker som har gjeve uheldige resultat. Eg vil ikkje utelukke at det over tid kan påvisast variasjonar i Høgsterett si vurdering av kva slags ytringar som har vorte ramma av strl. § 135 a, sjølv om innslagspunktet ”kvalifisert krenkende” har stått uendra i heile perioden. Det må likevel vere klart at Stortinget normalt ikkje treng å endre grunnlovsvernet for å sikre seg innverknad på rettstilstanden i slike situasjonar. Dersom Stortinget ønskjer å påverke tolkinga av einskildvilkår, enten vilkåra framgår av den alminnelege lovgjevinga eller er utpensla gjennom rettspraksis, må det, iallfall dersom endringane held seg innafor dei skrankane som grunnlovsføresegna oppstiller, vere tilstrekkeleg å gå vegen om endring av den alminnelege lovgjevinga. – Ein tredje innfallsvinkel, som etter mi vurdering kanskje er den mest nærliggande, er å lese merknaden frå fleirtalet som ein kritikk av dei tolkingsprinsippa som vart lagt til grunn av fleirtalet i Høgsterett i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys). Desse prinsippa vil sjølv sagt Stortinget kunne ha meiningar om, og det er naturleg at dei kjem til uttrykk når grunnlovsføresegna skal vedtakast. Innlegget til representanten Modulf Aukan frå Kristeleg Folkeparti kan oppfattast i denne retninga:

”For det tredje slår fleirtalet fast at bruken av rasismeparagrafen, § 135 a i straffelova, ikkje har samsvart med det Stortinget har meint. Derfor bør terskelen for kva for utsegner som skal verta ramma av rasismeparagrafen, strammast noko inn. I saka mot ... [leiaren av Boot Boys] vart denne utsegna vurdert av Høgsterett: ”Hver dag raner, voldtår og dreper innvandrere nordmenn, hver dag blir vårt folk plyndret og ødelagt av jødene som suger vårt land tomt for rikdom og erstatter det med umoral og unorske tanker.” Høgsterett meinte at dette er lovleg tale. Det meiner eg er gale, og Stortinget har no gjeve signal om at Høgsterett bør endra kurs.”<sup>55</sup>

Eg les dette utsagnet som eit ønskje frå stortingsfleirtalet om ei forsiktig justering av dei tolkingsprinsippa som fleirtalet i Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys) formulerte. Også her vil endringane kunne gjerast innafor dei skrankane som låg i den gamle grl. § 100. Utsegnene om endring av tolkingsprinsippa kan difor ikkje brukast som argument for at den nye grunnlovsføresegna opnar for eit anna, og svakare, vern for rasistiske ytringar enn det som fulgte av den gamle grl. § 100. – For ordens skuld nemner eg dessutan at fleirtalet slutta seg til dei øvrige forslaga frå departementet om endring av strl. § 135 a.<sup>56</sup>

<sup>54</sup> St. forh. (2003–2004) s. 3592 første spalte.

<sup>55</sup> St. forh. (2003–2004) s. 3596 andre spalte. Avsnitta i det siterte utdraget er fjerna.

<sup>56</sup> Innst. S. nr. 270 (2003–2004) s. 22 andre spalte.

Spørsmålet etter dette blir om det er haldepunkt for at også mindretalet i Stortinget slutta seg til fleirtalsmerknaden? Verken Arbeidarpartiet eller Framstegspartiet uttalte seg eksplisitt om dei annonserte forslaga til endring av strl. § 135 a, men framførte ei meir generell tilslutning til vurderingane frå Ytringsfridomskommisjonen.<sup>57</sup> Dette inneber at forarbeida ikkje gjev særleg bidreg til å klargjere mindretalet sitt syn på grunnlovsvernet av rasistiske ytringar etter den nye grl. § 100. At det til slutt vart semje mellom fleirtalet og mindretalet om korleis den nye grunnlovsføresegna skulle utformast, kan heller ikkje tolkast i retning av at heile Stortinget stod bak fleirtalsmerknaden. Også her er innlegget til representanten Kjell Engebretsen frå Arbeidarpartiet av særleg interesse:

”Når Arbeiderpartiet i løpet av dagen kommer til å stemme subsidiært for seks av de sju leddene som ligger i dette forslaget, innebærer ikke dette at vi stiller oss bak de begrunnelser eller argumenter som Regjeringen eller regjeringspartiene fører for å komme fram til disse forslagene. Når vi senere skal gi oss i kast med alminnelig lov for å regulere en lang rekke bestemmelser som en konsekvens av det vi gjør her i dag, er det altså ikke slik at disse føringene vil ligge til grunn for vår vurdering av hvordan disse lovverkene skal utformes.”<sup>58</sup>

Framstegspartiet uttalte seg ikkje om dette i stortingsdebatten, men i mangel av andre haldepunkt bør ein vel helst oppfatte partiet slik at det stod saman med Arbeidarpartiet om det som kom fram i innstillinga frå kontroll- og konstitusjonskomiteen.<sup>59</sup> – Det er likevel visse utsegner om det strafferettslege vernet mot rasistiske ytringar som er av interesse. Om dette uttalte representanten Kjell Engebretsen frå Arbeidarpartiet følgjande i debatten i Stortinget:

”Vi kommer tilbake til § 135 a ved en senere anledning. Jeg tror nok vi kan bli enige om hvordan den skal se ut. ... Det som er vårt springende punkt, er at ytringsfriheten er fri. Så vil ethvert samfunn måtte sette visse grenser, og vi kommer tilbake i neste runde for å få diskusjoner om hvordan disse grensene bør gå. Jeg tror ikke vi står så forferdelig langt fra hverandre, men metodisk tror jeg vi tenker litt forskjellig.”<sup>60</sup>

Dette kan sjølvsagt tolkast som eit signal om at Arbeidarpartiet vil støtte (eitt eller fleire av) regjeringa sine forslag til endringar av strl. § 135 a. Partiet si haldning til spørsmålet om vernet for rasistiske ytringar framstår likevel som uklar, i og med den generelle tilslutninga til Ytringsfridomskommisjonen si innstilling.

### 3.3 Samanfating

Etter mitt syn må det vere grunnlag for å meine at prinsippa for tolking av påstått ulovlege ytringar kan justerast utan hinder av den nye grunnlovsføresegna. Verken ordlyden i den nye § 100 eller forarbeida til den nye føresegna tyder på at Stortinget meinte å ville endre det rommet for variasjon i avveginga mellom ytringsfridommen og kolliderande interesser som den gamle grl. § 100 oppstilte. Eg meiner dessutan at den kursendinga som stortingsfleirtalet med dette har bede om, ikkje aktualiserer dei prosessuelle skrankane som ligg i grl. § 112, mellom anna kravet om 2/3 fleirtal. Dette inneber at Høgsterett må legge til grunn andre tolkingsprinsipp enn dei som fleirtalet formulerte i

---

<sup>57</sup> Innst. S. nr. 270 (2003–2004) s. 22 andre spalte og s. 23 første spalte.

<sup>58</sup> St. forh. (2003–2004) s. 3591 første spalte i.f. og andre spalte.

<sup>59</sup> Innst. S. nr. 270 (2003–2004).

<sup>60</sup> St. forh. (2003–2004) s. 3592.

Rt. 2002 s. 1618 (Boot Boys). Om Høgsterett allereie no pliktar å gjere dette, eller om plikta først inntretr etter at Stortinget har vedteke endringane av strl. § 135 a, vil truleg avhenge av synet på forarbeida som rettskjeldefaktor ved tolkinga av grunnlovsføresegner.

Eg er derimot meir i tvil om korleis dei to forslaga til endring av strl. § 135 a stiller seg i forhold til den nye grl. § 100. – Dersom ein vurderer det slik at endringane ligg innafør det intervallet som den gamle grl. § 100 oppstilte, og som vart vidareført i den nye, vil heller ikkje her dei prosessuelle krava i grl. § 112 vere av interesse. Desse kursjusteringane kan uansett ikkje leggast til grunn i det praktiske rettsliv før Stortinget har vedteke å endre strl. § 135 a. Det følgjer av legalitetsprinsippet i grl. § 96. – Ser ein det derimot slik at desse endringane ligg utanfor det intervallet som den gamle grl. § 100 oppstilte, reiser dette andre problemstillingar i forhold til tolkinga av skrankane i den nye grl. § 100 (både om forslaga til endring av strl. § 135 a kan takast til inntekt for at Stortinget meinte å ville utvide eller endre det rommet for avveging som ligg i den nye grunnlovsføresegna, og om denne oppfatninga hadde oppslutning frå eit kvalifisert fleirtal i Stortinget). Innafor rammene av denne artikkelen er det imidlertid ikkje mogleg for meg å turnere desse på forsvarleg vis, og eg let dei difor ligge.

#### **LITTERATURLISTE**

*Andenæs/Fliflet 2004*: Johs. Andenæs, Statsforfatningen i Norge, 9. utgave ved Arne Fliflet, Oslo 2004; *Borvik, LoR 2004-I*: Bjørnar Borvik, Ytringsfridom – ein kritikk, Lov og Rett 2004 s. 72–98; *Borvik, LoR 2004-II*: Bjørnar Borvik, Bindande forarbeid til grunnlova § 100?, Lov og Rett 2004 s. 513–514; *Eggen 2002*: Kyrre Eggen, Ytringsfrihet, Vernet om ytringsfriheten i norsk rett, Oslo 2002; *Eggen, NOU 2002*: Kyrre Eggen, Rasediskriminerende ytringer, NOU 2002: 12 s. 185–205.